

Bykle kommune
Rådmannsstab

Melding om vedtak

Det kongelige finansdepartement

Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
2012/105-27

Sakshandsamar:
Ann Ebeltoft, ☎ 37938500

Arkivkode:
203

Dato:
27.02.2015

Høringsuttale - overføring av skatteoppkreving

Rådmannen si tilråding:

Bykle kommune ynskjer ikkje at skatteinnkrevjinga vert overført frå kommunane. Bykle kommune stør ikkje forslaget om å gjere skatteoppkrevjaren statleg. Bykle kommune meiner at risikoen for provenytap er for stor, og at nærleik til skattesubjekta og god lokalkunnskap er avgjerande for godt skjønn og gode resultat i innkrevjinga. Bykle kommune er særleg kritisk fordi det ikkje vil være mogleg å reversere eit vedtak om statleggjering. Vi meiner dessutan at forslaget er eit eksempel på uheldig distriktspolitikk.

Bykle kommune meiner og at spørsmålet om organisering av skatteinnkrevjinga er mest naturleg å handsame i den komande kommunereforma.

Saksprotokoll i Formannskap - 17.02.2015

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Saksprotokoll i Kommunestyre - 26.02.2015

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Med helsing



Tallak Bjørnara
rådgjevar

Kopi til:
Økonomisjefen

Arkiv: 203
Saksmappe: 2012/105-23
Sakshandsamar: Ann Ebeltoft
Dato: 07.01.2015

Saksframlegg

Bykle kommune

Saksnr.	Utval	Møtedato
18/15	Formannskap	17.02.2015
21/15	Kommunestyre	26.02.2015

Høyringsuttale - overføring av skatteoppkrevjinga

Rådmannen si tilråding:

Bykle kommune ynskjer ikkje at skatteinnkrevjinga vert overført frå kommunane. Bykle kommune stør ikkje forslaget om å gjere skatteoppkrevjaren statleg. Bykle kommune meiner at risikoen for provenytap er for stor, og at nærleik til skattesubjekta og god lokalkunnskap er avgjerande for godt skjønn og gode resultat i innkrevjinga. Bykle kommune er særleg kritisk fordi det ikkje vil være mogleg å reversere eit vedtak om statleggjering. Vi meiner dessutan at forslaget er eit eksempel på uheldig distriktspolitikk.

Bykle kommune meiner og at spørsmålet om organisering av skatteinnkrevjinga er mest naturleg å handsame i den komande kommunereforma.

Saksprotokoll i Formannskap - 17.02.2015

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Saksprotokoll i Kommunestyre - 26.02.2015

Behandling:

Saka vart drøfta

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SAKSUTGREIING

Samandrag

Vi syner til høyringsbrev av 01. desember 2014, og til brev frå finansdepartementet 04.02.14 til Bykle kommune om at vi og er høyringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Høyringa har frist 02.03.2014.

Dette er eit forslag som har vore oppe fleire gonger før, men det har aldri fått fleirtall i Stortinget.

Vi meiner at dagens kommunale løysing er den beste. Den gir svært gode resultat og står fram som ei effektiv organisering.

Vi meiner at å gjere skatteoppkrevjaren statleg med den stramme tidsramma som er skissert vil gi risiko for provenytnap og reduksjon av nødvendig kompetanse kommunen vår.

Bakgrunn for saka

Finansdepartementet har 01.12.2014 sendt ut forslag til høyring om « Overføring av skatteoppkrevinga til Skatteetaten». Forslaget ligg vedlagt saka.

Vurderingar og konsekvensar

Vi syner til høyringsbrev av 01. desember 2014, og til brev frå finansdepartementet 04.02.14 til Bykle kommune om at vi og er høyringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten. Høyringa har frist 02.03.2014.

Dette er eit forslag som har vore oppe fleire gonger før, men det har aldri fått fleirtall i Stortinget.

Vi meiner at dagens kommunale løysing er den beste. Den gir svært gode resultat og står fram som ei effektiv organisering.

Vi meiner at å gjere skatteoppkrevjaren statleg med den stramme tidsramma som er skissert vil gi risiko for provenytnap og reduksjon av nødvendig kompetanse kommunen vår.

Vårt skatterekneskap blir i dag ført i Evje og Hornnes kommune, som er vertskommune og har skatteoppkrevjarfunksjonen for alle dei 4 kommunane i Setesdal. Skatteoppkrevjaren heiter «*skatteoppkreveren i Setesdal*». Det lokale skatteoppkrevjarkontoret på Evje har god kjennskap til alle kommunane det har ansvar for. Det er en føresetnad for godt skjønn, og vi meiner det er viktig for å oppnå gode resultat når det gjeld innkrevjing av skatt.

Forslaget inneberer ein klar risiko for provenytnap

Dagens organisering av skatteinnkrevjinga har ei løysningsgrad som er heilt i verdstoppen. Skatteoppkrevjaren i Setesdal har for vår kommune ei slik løysningsgrad:

Innforderingsresultater 2014

Kommune	Kravtype	pr. 31.12
Bykle	Restskatt person 2012	99,36
	Forskuddstrekk 2013	100,00
	Arbeidsgiveravgift 2013	100,00

	Utskr Forsk.sk pers 2013	100,00
	Forsk.sk UPERS 2013	100,00
	Restskatt UPERS 2012	100,00

Vi er viss på at innkrevjingsresultata vil gå ned om oppgåvene skal utførast sentralt eller regionalt. Ein vil ikkje klare å oppnå våre gode resultat om innkrevjinga skal skje frå eit kontor langt borte frå der skatteytarane held til. Vi ser derfor ingen grunn til at skatteoppkrevjaren skal statleggjerast og sentraliserast.

Vi meiner at departementets forslag inneber en klar risiko for provenytap. Beregningar viser at endring i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05 -0,15 prosentpoeng vil gjere at forslaget frå departementet ikkje vil løne seg, sjølv om forslaget inneber ein kraftig bemanningsreduksjon. At reduksjonen i årsverk skal bli så stor som høyringa viser til er heller ikkje sannsynleg. Forventa gevinst av fagsystemet SOFIE er allereie tatt ut. Saker som handsamast manuelt vil vere dei same uansett organisering. Her vil lokalt skjønn og vere eit mål og ein føresetnad for et riktig og godt resultat. Dette er ikkje belyst i høyringa.

Dersom ein ser på arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift, har den kommunale innkrevjinga av arbeidsgjevaravgift ei løysningsgrad på 99,8, mens statleg innkrevjing av meirverdiavgift har ei løysningsgrad på 99,4 %. Når det gjeld innkrevjinga av skatt er det snakk om veldig store beløp. Sjølv små forskjellar i løysningsgrad vil kunne utgjere ein merkbar skilnad i provenyet til Bykle kommune. Vurderinga som er gjort av risiko for provenytap ser ut til å vere overflatisk. Den gir inntrykk av å vere tilpassa eit ønska resultat.

Nærleik til skattesubjekta

Skatteoppkrevjaren arbeider proaktivt og preventivt for å sikre at arbeidsgjevarane i Bykle kommune rapporterer rett grunnlag. Kontorkontrollen inneberer synleg og merkbar aktivitet for arbeidsgjevarane.

Om den automatiske purringa på manglande oppgaver ikkje fører fram, kontaktar skatteoppkrevjaren arbeidsgjevarane eller rekneskapsføraren deira på telefon eller e-post. Skatteoppkrevjaren er og rask med å ringe eller sende e-post når det er feil i innlevert oppgaver. Slike saker vert følgt tett opp inntil alt er på plass.

Bykle er medlem i ein interkommunal ordning for arbeidsgjevarkontroll, og gjennom denne avdekkast det som ikkje er blitt rapportert. Sjølv om denne ordninga er interkommunal, er det skatteoppkrevjaren i Setesdal som avgjer kven arbeidsgjevarane som skal kontrollerast. Skatteoppkrevjaren gjer eit viktig preventivt arbeid som bidrar til at arbeidsgjevarane rapporterer rett grunnlag og gjennomfører, bereknar og innbetaler rett forskottstrekk, utleggstrekk og arbeidsgjevaravgift.

Dette arbeidet og nærleiken til innbygarane, kombinert med forskotsordninga, sørgjer for dei gode resultata vi har i dag. Vi meiner derfor at nærleiken til innbygarane og lokalkunnskapen vi har i stor grad bidrar til suksessen i forskotsordninga og til dei gode resultata for dei andre skatteartane.

Nærleik til skattesubjekta er og viktig i kampen mot svart økonomi. At skatteoppkrevjaren er tilstade lokalt som kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkrevjaren blir gjort statleg og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke i vesentleg grad. For vår kommune vil innkrevjing av personskatt bli i Kristiansand, mens innkrevjing av selskapsskatt vil vere i Skien. Arbeidsgjevarkontrollen vil etter rapporten bli lokalisert i Grimstad som no, men innspel til kven som skal kontrollerast vil kome frå Kristiansand og Skien. Særleg når det gjeld Skien vil avstanden bli svært stor. Vi

vrurderer den auka avstanden som ein stor risikofaktor for svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Det er også vår erfaring at nærleik til innbyggjarane er viktig for å kunne hjelpe skatteytarar som er vanskelegstilt, dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølve eller av andre årsaker ikkje kan ivareta sine eigne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig for å kunne forstå og hjelpe dei som treng det mest.

Forslaget bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma

Departementet hevdar at skatteinnkrevjing ikkje er ei naturleg kommunal oppgåve. Dette er bl.a. fordi det skal utøvast «*liten grad av skjønn.*». Vi meiner at nettopp det at den kommunale skatteoppkrevjaren kan utøve skjønn innanfor rammene som lova sett, bidrar til våre gode resultat. Vi er derfor uforståande til denne påstanden. Vi opplever at nærleiken og forståinga vi har for dei lokale forholda bidrar både til legitimitet og lojalitet til skattesystemet.

Forslaget om statleggjing kommer midt i kommunereforma. Eit uttalt mål i kommunereforma er å «*flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner*» Regjeringa seier at den vil «*viser mer tillit til lokalpolitikarane og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.*» Å gjere skatteoppkrevjaren vår statleg er derfor i strid med måla i kommunereforma.

Stortinget slutta seg i Prop. 95 A (2013-2014) til retningslinjer for fordeling av oppgåver mellom stat og kommunar. Departementet trekk særleg fram punkt 3, om at «*oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar. Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsvurderingen som skal vurderes i kommunereformen*» som eit punkt for statleggjing nå.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel at «*oppgaver bør legges på lavest mulige nivå*», trekker i den andre retninga og talar for fortsatt kommunal skatteinnkrevjing. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjarens oppgåver som tilseier at dei, etter nemnte retningslinjer, klart faller utanfor områda som skal behandlast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt og skatteinnkrevjing generelt er og bør vere påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold.

Vår meining er at organiseringa av skatteoppkrevjaren er ein naturleg del av total gjennomgang av oppgåve- og ansvarsfordeling mellom stat og kommunar i kommunereforma. Vi meiner derfor at det er uheldig å ta ei avgjerd om dette nå, og meiner at spørsmålet må vere med i den samla behandlinga i kommunereforma.

Oppsummering.

Kombinasjonen av eit irreversibelt forslag, mangelfull utredning av gevinstar og klar risiko for provenytap gjer at Bykle kommune ikkje rår til statleggjing av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysning gir dei beste resultatata og står fram som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organisering av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å behandle i den kommande kommunereforma.

Vi meiner at forslaget er eit eksempel på uheldig distriktpolitikk. Nærleik og lokalkunnskap er særleg viktig i denne saka. Forslaget inneber ei lite føremålstenleg sentralisering, når lokal skjønnsutøving og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dei gode resultatata vi ser i dag. Vi meiner den lokale, kommunale skatteoppkrevjaren sjølv har best kompetanse og føresetnad for å samarbeide med og handsame vårt lokale næringsliv og våre innbyggjarar innanfor høyringars føreslåtte områder.

Høyringsdokumenta gir og i svært liten grad nokon grunn for kvifor skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast. Vi reagerer på at dette spørsmålet er lite utreda. Det er til tross for at forslaget kan få store negative konsekvensar for Bykle kommune og innebere ein risiko for vår likviditet. Særleg av di statleggjeringa vil være irreversibel er vi negative til framlegget frå departementet. Regjeringa har satt i gang eit arbeid med sikte på overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten. Ein statleggjering av skatteinnkrevjinga vil vere ein irreversibel reform.

Bykle, 05.02.2015

Tallak Hoslemo
Rådmann

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev – overføring av skatteoppkreving
- 2 Høyringsbrev 1.12.2014
- 3 Høyringsinstansar
- 4 Høyringsuttale KS - overføring av skatteoppkreving

Andre dokument i saka:

Utredning «overføring av skatteoppkreverfunksjonen til Skatteetaten» finnes på:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/hoeringer.html?id=1832>

Melding om vedtak sendast: postmottak@fin.dep.no